

ROSENDAL EVENT AS  
Neslia 33  
5470 ROSENDALDato: 06.06.2018  
Vår ref.: 2018/141-21  
Saksbehandlar: nilelde  
Dykkar ref.:

## Mellombels fritak frå krav om løyve for transport med personbil

### Bakgrunn for saka

Vi viser til dykkar søknad av 20.2.2018 om mellombels fritak frå krav om løyve for transport med personbil.

Søknaden er grunngjeve med at dykk driv eit firma som arrangerer skiturar, vandreturar, kano, kajakk og fisketurar i Kvinnherad kommune. For å kunne tilby kundane dykkar transport til der aktivitetane skal starte søker dykk om fritak frå krav om løyve på ein av dykkar firmabilar.

I samsvar med høyringskravet for slike søknader, sendte fylkeskommunen søknaden på høyring til fire interesseorganisasjonar den 9.3.2018. Fylkeskommunen fekk høyringssvar frå tre av desse innan høyringsfristen; Norges Taxiforbund avd. Hordaland v/ Tor Anders Hauge, NHO Transport Hordaland v/ Ronny Paulsen, og NHO Reiseliv Vest Norge v/ Wenche Salthella.

I e-post av 9.4.2018 opplyste vi dykk om at den innsendte bankgarantien var feilaktig opplyst å gjelde selskapsvognløyve. Vi etterspurte difor ein ny bankgaranti som skulle påførast at den var utstedt til "midlertidig fritak frå krav om løyve for transport med personbil". I brev av 9.4.2018 har Sparebank 1 sendt inn bankgaranti som er påført korrekt løyvetype.

### Rettsleg grunnlag

Det følgjer av yrkestransportlova § 21 første ledd, jf. yrkestransportforskriften § 23 første ledd, at departementet i forskrift eller i einskildvedtak kan fastsetje unnatak frå krav om løyve for særskilde slag transportar eller motorvogner dersom det ikkje er i strid med internasjonal avtale der Noreg er part.

I rundskriv N-7/2017 har Samferdselsdepartementet i samsvar med yrkestransportlova § 15 delegert denne myndigheita til fylkeskommunane.

### Fylkeskommunen si vurdering

Departementet opnar i rundskrivet for at det kan gjevast fritak frå kravet om løyve for småskala turistverksemd der det er naudsynt å tilby persontransport som ein tilknytt del av opplevingsarrangement. Løyvefritaket skal berre gjelde for transport av eigne kundar til og frå aktivitetane som innehavar av løyvefritaket sjølv er arrangør av. Transporten må skje i tilknytning til sjølve arrangementet, ved at transporten berre er ein underordna tilleggsytning som vert utført av verksemda fram til reisemålet.

For å få godkjent søknaden må ei rekke objektive krav være oppfylt. Personlig søkar eller dagleg leiar for søkar som er juridisk person må oppfylle kravet til vandel. Søkar må ha tilfredsstillande økonomisk evne. Søkar må være faktisk og varig etablert i Noreg. Motorvogna skal være registret på den verksemda eller vere til verksemda sin disposisjon gjennom leige- eller leasingavtale. Førar av køyretøyet må også ha

køypesetel. På bakgrunn av dette vart det stilt krav i søknadsskjemaet at følgjande dokumentasjon måtte leggast ved søknaden: firmaattest, politiattest, attest frå konkursregisteret, skatteattest, garantierklæring frå bank og vognkort for køyretøyet det er søkt fritak om.

Fylkeskommunen har vurdert den innkomne dokumentasjonen frå Rosendal Event AS, og finner at den tilfredsstillar dei objektive krava. I tillegg må Rosendal Event sjå til at sjåføren som skal køyre bilen har gyldig køyresetel.

For at fylkeskommunen skal godkjenne søknaden må ein vidare gjennomføre eit individuelt skjønn ut frå ei vurdering av om den tenesta som søknaden er basert på kan verte utført ved å nytte eksisterande løyvehavarar til transportdelen. Søknaden vart difor sendt på høyring til fire interesseorganisasjonar. Vi fekk høyringssvar frå tre av desse innan høyringsfristen.

Norges Taxiforbund avdeling Hordaland har i brev motteke 2.4.2018 kome med kommentarar til søknaden. Det vert vist til at det finnes taxiselskap i Kvinnherad som kan utføre transport av personar til og frå arrangement som dette selskapet ønskjer å frakte på eigenhand utan løyve. Forbundet meiner det er heilt klart i konkurranse med eksisterande tilbod og er difor usamd i at Rosendal Event skal få løyvefritak.

NHO Transport Hordaland har i brev av 23.3.2018 kome med kommentarar til søknaden. Dei viser til at det er to omsyn av betydning som må vegast opp mot kvarandre i denne saka. Det er ønskjeleg at turistnæringa i Hordaland vert gjeve rammevilkår som legg til rette for utvikling av turismeprodukt som bidrar til å gjere Hordaland til eit attraktivt reisemål. Samstundes er det viktig at regelverket for løyvepliktig transport ikkje vert undergrave gjennom dispensasjonar.

Det vert peika på at det er viktig at transportdelen ikkje utviklar seg til å verte den dominerande del av reiselivsproduktet som vert selt, og at transport av større grupper bør skje med løyvepliktig busstransport. Det vert peika på at det allereie i dag er hard konkurranse om å transportere gjester til områder som Rosendal Event opererer. Det vert vist til at aktørar som Tide Buss AS, Boreal Travel AS, Modalen-Eksingedalen Billag AS og Turbuss Vest AS er nokon av verksemdene som har god dekning av køyring i områder rundt Kvinnherad kommune der Rosendal Event opererer. Det vert vist til at dispensasjon etter deira oppfatning vil kome i konflikt med ruteproduksjonar som i dag har god dekning.

NHO Reiseliv Vest Norge har i brev av 3.4.2018 kome med kommentarar til søknaden. Det vert vist til at Rosendal Event driver småskala turistverksemd og at transporten vil berre skje i tilknytning til deira arrangement, og difor vil være ein underordna tilleggsyting ved at dei kan tilby sine kundar transport til staden der turen skal starte.

Det vert vist til at bakgrunnen for at ei slik ordning vart innført var å tilrettelegging for mindre opplevingsbedrifter innan reiselivet. Alternativet til løyvefritak er at bedrifta må nytte ordinære transportørarar som har løyve til passasjertransport. Dette er kostbart og fleire av reiselivsverksemdene fryktar eige driftsgrunnlag ved ein slik kostnad. Det vert peika på at Rosendal Event er ein viktig del av reiselivet i Rosendal og at søknaden må godkjennast.

Hordaland fylkeskommune har etter ei konkret vurdering av søknaden og dei innkomne høyringssvara **kome til at søknaden om mellombels løyvefritak skal godkjennast.**

Vi legger vekt på at Rosendal Event er eit selskap som driv med småskala turistverksemd der det er naudsynt å tilby persontransport som er knytt til ein del av arrangementet. Selskapet driver blant anna med skiturarar, kanoturar, kajakturar og fisketurar i Kvinnherad kommune. Selskapet tilbyr altså friluftaktivitetar der potensielle kundar kjøper ei oppleving.

Vi finner at transportdelen av kundane berre skjer i tilknytninga til dei arrangementa dei sel til kundane, og at transporten er fram til starten av sjølve opplevinga. Det er også på det reine at denne transporten berre

utgjer ein liten del av totalpakken som vert selt til kundane. Ettersom selskapet skal tilby kundane deira spesialturar vil dette medføre at transportdelen ikkje vert den dominerande delen av det reiseproduktet som vert selt.

I godkjenninga av søknaden har fylkeskommunen også lagt vekt på at på at Rosendal Event arrangerer turar som har behov for ein del spesialutstyr som må bringast med turane. Ut i frå eit ressurs og miljøperspektiv er det da føremålstenleg at transporten av selskapets kundar kan utførast samstundes som spesialutstyret vert transportert til starten av opplevinga. Fylkeskommunen finner såleis at det er føremålstenleg at Rosendal Event får mellombels løyvefritak for ein personbil.

### **Vedtak**

Hordaland fylkeskommune fattar følgjande vedtak:

**Rosendal Event AS får mellombels fritak frå krav om løyve for transport med personbil i tre år for motorvogn med reg.nr. TS 28802**

### **Meir informasjon**

Dette vedtaket om løyvefritak må oppbevarast i køyretøyet og må kunne visast fram ved kontroll. Løyvefritaket gjeld i tre år frå vedtaksdato. Etter tre år fell løyvefritaket vekk og motorvogna kan ikkje lenger nyttast til løyvepliktig persontransport. Dersom ein ønskjer ein ny periode med løyvefritak må dette søkast om i god tid før fritaket fell vekk.

Vi gjer dykk merksam på at føraren av køyretøyet må ha køyresetel for lovleg å kunne utføre persontransport med køyretøyet. Søknad om køyresetel kan rettast til politiet.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Nils Tore Eldegard  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*